

Spennande jazzkveld på Oska.

19.04.2016

SMAKIFRÅ Oska

USKEDALEN



Spennande jazzduo på Oska på fredag.

Det ligg an til ein verkeleg spennande kveld for dei som tar turen til Oska på Sandakaien her i Uskedalen på fredag. Då kjem nemleg duoen Marita Moe Sandven og Ole Amund Gjersvik på besøk. For dei som ønskjer å gjera kvelden til ei heilaftan, opnar restauranten for servering av ein smakfull trerettars middag før konserten.

Ole Amund Gjersvik skulle vera eit svært godt kjent namn for mange. Kontrabassisten med utdanning frå Griegakademiet, har spela med eit koppel av storleikar i norsk musikkliv. Kenneth Sivertsen, Kaizers Orchestra, Ketil Bjørnstad, Ole Paus, Jan Eggum og Herborg Kråkevik er berre eit lite utval. I tillegg er han kjent som orkesterleiar og teatermusikar i tillegg til mange oppdrag i husorkester i program både på TV2 og NRK.

På Oska skal Ole Amund Gjersvik spela saman med den dyktige jazzvokalisten Marita Moe Sandven. Saman har dei spela inn albumet Into the Beast. Dette er ei fullblods akustisk improplate med kontrabass og vokal, og med surrealistiske tekstar. Gjennom frijazz og improvisasjon utforskar duoen kontrastar generelt og bruene mellom.

Det vert ein særdeles spennande jazzkveld, og konserten startar kl.21, og har berre 100 kr i inngangspengar. For dei som ønskjer ein heilaftan, opnar Roy Lervåg og staben dørene kl.18. Då kan ein få servert ein nydeleg trerettars middag. Til middagen må det bestillast dagen før.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland